

Vedtekter for skulefritidsordninga i Stryn kommune.

Gjeldande frå 1.januar 2023

1. LOV OG REGELVERK

Skulefritidsordninga vert driven i samsvar med Opplæringslova § 13.7 med forskrifter, kommunale vedtak og gjeldande plan.

2. EIGARTILHØVE

Skulefritidsordningane lokaliserte til grunnskulane i Stryn kommune, er kommunale. Stryn kommune er eigar. Tilbodet vert finansiert gjennom kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.

3. FAGLEG OG ADMINISTRATIVT ANSVAR

Sektorutvalet for skule og kultur har det overordna faglege og administrative ansvaret.

4. FØREMÅL

Skulefritidsordninga (SFO) i Stryn kommune er eit frivillig fritids- og omsorgstilbod utanom den obligatoriske skuletida for elevar i 1.- 7. klasse.

5. ETABLERING AV SFO-TILBOD

Det skal vere minimum 5 deltakarar for å opprette/oppretthalde skulefritidsordning i skuleåret og som ferietilbod ved ein skule. Ved 1- 5 deltakarar kan ein gje tilbod i samarbeid med barnehagen der det ligg til rette for det.

6. INNHOLD OG AKTIVITETAR

Skulefritidsordninga skal legge til rette for varierte leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsnivå og barn med særskilde behov skal ha gode utviklingsvilkår. Det skal utarbeidast årsplan for skulefritidsordninga ved den enkelte skule.

7. RUTINAR VED OPPTAK

Elevar i 1.- 4. klasse har rett på plass i SFO. Opplysningar om ordninga og informasjon om elektronisk søknad skal kunngjerast på heimesida til kommunen og i lokalavisa. Søknadsfristen er normalt 1. mars kvart år. Dersom ein skulekrins manglar skulefritidstilbod, kan foreldre søkje om plass i ein av dei andre krinsane. Dette kan og vere aktuelt i høve skulefri dag for 1. og 2.årstrinn (onsdag) og opphald i feriar.

8. OPPTAKSPERIODE, PÅMELDING OG OPPSEIING AV Plass

Skuleåret (38 veker) er opptaksperioden. Hovudopptaket gjeld frå skulestart og ut skuleåret. Opptak elles i skuleåret gjeld ut skuleåret. Påmelding skjer i kommunikasjonsprogrammet Vigilo. Skulen administrerer sjølv opptak og oppseiing av elevar i SFO. Ajourført registrering av elevane er grunnlag for månadleg krav om foreldrebetaling (jf. pkt. 9). Oppseiing av plass skal gjerast i Vigilo eller skriftleg direkte til rektor/dagleg leiar. Oppseiingstida gjeld frå oppseiingsdato og påfølgande månad. Betaling i oppseiingstida gjeld sjølv om barnet sluttar før.

9. DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID

Den daglege opphaldstida skal ligge innafor tidsramma 07.30 – 16.30, måndag til fredag. Samarbeidsutvalet ved den enkelte skule kan justere desse tidene. Foreldre kan søkje om utvida opningstid frå 07.00 på morgonen og/eller til 16.45 på ettermiddagen ved dokumentert behov. Timepris vil gjelde på utvida tilbod. Årleg opningstid følgjer skuleåret. Dersom minimum 5 elevar melder seg på, kan ein etter avtale med skulen, halde opne SFO-avdelingar når elevane har fri, ved 1-5 elevar, kan ein gje tilbod i barnehagen der det er mogeleg. Unnateke er to kursdagar for dei tilsette i haustferien. Ein nyttar då betalingsssatsar for kjøp av enkeltdagar/halve dagar.

10. FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset betalingsssatsar. Betalingsssatsane vert vedtekne i kommunestyret i desember kvart år. Foreldrebetaling vert kravd i 10 månader per år. Betaling skjer til økonomiavdelinga i Stryn kommune per 15. kvar månad, frå og med august til og med juni. I august og juni vert det fakturert for halve månaden. Betaling for ferietilbod kjem i tillegg til den månadlege foreldrebetalinga. Dersom foreldrebetalinga har stått til forfall i ein månad etter første betalingsvarsel, vert barnet oppsagt frå plassen. Oppseiingstida er ein månad frå den dato oppseiinga er sendt. Sektorutvalet for skule og kultur kan i særskilde høve fråvike reglane etter søknad. Den enkelte SFO-ordning kan krevje betaling ved sein henting av barn.

11. BEMANNING OG LEIING

Rektor har administrativt og fagleg ansvar for SFO. Rektor kan delegere mynde til ein særskild leiar av SFO. På kvar skule vert det sett av tilstrekkeleg tid til leining av SFO. Bemanninga på SFO skal gjerast i forhold til tal «heile» plassar per tilsett i SFO si opningstid. Bemanninga skal vere ein tilsett per 14 barn. Bemanning i skulefritidsordninga vert fastsett etter denne norma:

5 - 14 born: 1 tilsett

15 - 28 born: 2 tilsette

Personale som skal ivareta barn med særlege behov vert tilsett utanom den ordinære bemanninga etter søknad til kommunalsjef for skule og kultur. Der ein har SFO-tilbod organisert saman med barnehage, må ein sette inn ekstra bemanning til SFO-tilbodet. Personale tilsett i barnehagen utover gjeldande bemanningsnorm (og som ikkje er tilsette til barn med særskilde behov og nedsett funksjonsevne) kan nyttast til SFO-bemanning.

13. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Areala både ute og inne, skal vere eigna for formålet. Arealet per barn inne skal vere minst 4 m², og minst 6 gonger større ute. Areala inne og ute skal vere tilpassa dei aktivitetane som vert drivne.